

Næringsavfall – sortering og handsaming.

Med næringsavfall meinast alt anna enn hushaldningsavfall.

Frå landbrukseigedomar vil avfall frå bustad vere hushaldningsavfall, medan anna avfall er næringsavfall.

Dersom næringsdrivande tek hand om avfall frå private hushaldningar mot betaling, til dømes entreprenørar eller transportørar, vert avfallet rekna som næringsavfall.

Avfall fra kommunale verksemdar som til dømes rådhus, skular, idrettshallar og sjukeheima, er næringsavfall.

Regelverk per 1.januar 2025. Utdrag frå Avfallsforskrifta §10a-8 - §10a-12.

Verksemdar som genererer hushaldningsliknande avfall skal sørge for at hushaldningsliknande matavfall, plastavfall, papp- og papiravfall, glas- og metallemballasje, park- og hageavfall og tekstilavfall vert sortert ved kjeldesortering. Plikt til å kjeldesortere plastavfall og tekstilavfall gjeld berre for avfall som kan førebuast til ombruk eller materialgjenvinning.

Verksemdar som genererer hushaldningsliknande avfall skal sørge for separat innsamling av utsortert hushaldningsliknande matavfall, plastavfall, papp- og papiravfall, glass- og metallemballasje, park og hageavfall og tekstilavfall.

Verksemdar som genererer hushaldningsliknande avfall skal sørge for at utsortert avfall vert levert til ombruk eller materialgjenvinning. Plikta gjeld ikkje utsortert matavfall og park- og hageavfall som vert kompostert ved kjelda.

Verksemdar skal ha dokumentasjon på årlege mengder. Dokumentasjonen skal takast vare på i minst 5 år og vere tilgjengeleg ved kontroll eller på førespurnad frå tilsynsmynde.

Landbruksplast er omfatta av forskrifta.

Føremålet med den nye sorteringsordninga er å følgje opp nasjonale mål for materialgjenvinning av avfall. Myndigheitene nyttar og avgiftspolitikken aktivt og det er innført ei forbrenningsavgift på restavfall. Avgifta bidreg til at det vert meir økonomisk fordelaktig å sortere avfall til materialgjenvinning.

NGR sitt tilbod til verksemdar.

Verksemdar kan levere avfall til NGR sine henteruter eller til miljøstasjonane.

NGR tilbyr containerservice og transporttenester og kan hente avfall på byggeplassar med meir.

NGR tek imot dei fleste typar avfall, men ikkje legemiddel, radioaktivt- eller eksplosivt avfall. Krav til sortering og kvalitet gjeld. For nokre avfallstypar, til dømes asbesthaldig materiale, gjeld krav til emballering. Farleg avfall skal leverast til miljøstasjonane og skal deklarerast før levering til NGR. NGR har avtaler med samarbeidspartnarar som står for gjenvinning eller sluttbehandling av avfallet.

NGR tilbyr rådgeving og kan syta for statistikk over leverte mengder.

NGR tilbyr oppsamlingsutstyr for kjeldesortering av avfall.

Meir info.

Kontakt Nord-Gudbrandsdal Renovasjonsselskap IKS.

Telefon 991 02 000, E-post: post@ngr.no eller www.ngr.no.